

Rapport

Fosshaugane Campus


- Skulesamarbeidsprosjektet -

Faggrupper, samhandling og areal

Prosjektkoordinator
Wiggo Hustad



Mars 2003



INNHALD

1	BAKGRUNN OG MÅL	3
1.1	VISJON.....	3
1.2	MÅL	3
2	STYRINGSGRUPPE OG FAGGRUPPER.....	4
3	SAMANDRAG.....	5
4	UTGANGSPUNKT, PROBLEMSTILLINGAR OG SAMARBEIDSOMRÅDE.....	7
4.1	SAMARBEIDSOMRÅDE	7
4.1.1	<i>Fagleg og pedagogisk samarbeid.....</i>	7
4.1.2	<i>Andre samarbeidsområde</i>	7
4.1.3	<i>Samarbeid om fysisk utforming</i>	8
5	SAMARBEID OG SAMHANDLINGSPRINSIPP	9
5.1	HANDLINGSROM.....	9
5.2	ORIENTERING I HANDLINGSROM OG ORGANISERING AV SAMHANDLING	10
5.2.1	<i>Samhandling og vilkår for kunnskapsdeling</i>	11
5.2.2	<i>Samhandling i senter.....</i>	12
5.2.3	<i>Kompetente aktører.....</i>	13
5.2.4	<i>Senter og prosjektorientert læring</i>	13
5.3	AREALTYPAR OG LÆRINGSSYN.....	13
5.4	AREALTYPAR I KREATIVE LÆRINGSMILJØ.....	14
5.4.1	<i>Primærareal</i>	14
5.4.2	<i>Sekundærareal.....</i>	14
5.4.3	<i>Tertiærareal</i>	14
5.5	UTFORMING.....	14
6	FAGGRUPPER	15
6.1	BIDRAG FRÅ FAGGRUPPER	15
6.1.1	<i>Faggruppe matematikk.....</i>	15
6.1.2	<i>Faggruppe natur- og realfag.....</i>	16
6.1.3	<i>Faggruppe idrett/kroppsøving.....</i>	17
6.1.4	<i>Faggruppe framandspråk.....</i>	18
6.1.5	<i>Faggruppe estetiske fag</i>	19
6.1.6	<i>Faggruppe norsk</i>	19
6.1.7	<i>Faggruppe inkluderande skule.....</i>	20
6.1.8	<i>Områdegruppe it/media/bibliotek</i>	22
6.1.9	<i>Områdegruppe entreprenørskap</i>	23
6.1.10	<i>Anna</i>	24
7	DRØFTINGAR OG KONKLUSJONAR	26
7.1	FRAMLEGG M.O.T. ORGANISERING.....	26
7.1.1	<i>Mindre justeringar av dagens organisering.....</i>	26
7.1.2	<i>Fleirfagleg teamorganisering.....</i>	26
7.1.3	<i>Fagsenter</i>	27
7.1.4	<i>Kompetansesenter</i>	28
7.1.5	<i>Fagforum.....</i>	28
7.2	ALLMENNINGEN	28
7.2.1	<i>Allmenningen inne.....</i>	28
7.2.2	<i>Allmenningen ute.....</i>	29
7.3	SAMHANDLING FOR KVALITET I OPPLÆRINGA	30
7.3.1	<i>Strukturkvalitet.....</i>	31
7.3.2	<i>Prosesskvalitet.....</i>	31
7.3.3	<i>Resultatkvalitet.....</i>	31
7.4	SAMHANDLING FOR KVALITET I FOU OG NÆRINGSVERKSEMD	32
8	SLUTTORD	32

1 Bakgrunn og mål

Samarbeidsprosjektet er eit prosjekt som skal utvikle og utnytte samhandlingstiltak mellom Sogndal ungdomsskule¹, Sogndal vidaregåande skule og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for prosjektet finn vi i visjonsnotatet frå februar 2002:

"I Sogndal ligg det til rette for å sjå elevar og studentar inn i eit 16/17-årig løp. Høgskulen er også inne i ei kvalitetsreform som opnar for nye arbeids- og samarbeidsformer. For alle tre skuleslaga står utvikling av læringsformene og praktisk tilknytning til arbeidsliv og forskning sentralt. I denne samanhengen vil det vere særleg spanande å utvikle eit tettare samarbeid mellom dei tre skuleslaga. Dette vil kunne styrke utviklinga av kvalitet på alle nivå, det vil gi elevar i grunnskulen og vidaregåande skule store mulegheiter til å orientere seg mot og førebu seg til neste utdanningstrinn, samstundes som det styrkar sjansane for at høgskulen i Sogndal kan famne breitt også i framtida". (Notat 5.2.02)

1.1 Visjon

Styringsgruppa for samarbeidsprosjektet har i fleire møte drøfta ulike sider ved samarbeidet. Det er semje om at gevinstane ved samarbeid om både fagleg/pedagogisk arbeid og andre område er større enn om skulane står kvar for seg med sine utviklings- og utbyggingsplanar:

Det vil vere mogleg å arbeide vesentleg djupare og betre mot ambisiøse kvalitetsmål om ein grunnskule, ein vidaregåande skule og ein høgskule går i lag enn om dei arbeider mot måla kvar for seg.

1.2 Mål

Dei overordna måla for samarbeidsprosjektet er å auke kvaliteten i utdanninga gjennom å skape:

- ◆ Skape utdanningsløp som har samanhengande overgangar mellom skuleslaga, og utdanningar som fremjar individuelt tilpassa opplæring. (jfr Opplæringslova)
- ◆ Bygge opp kompetanse- og aktivitetstilgjengleg miljø som integrerer utdanning og næringsutvikling/forskning med høg kvalitet.
- ◆ Bidra til å skape ein utviklingsdyktig region.

I samarbeidsprosjektet har vi i vinter fokusert på særleg tre forhold som kan ha innverknad på den fysiske utforminga:

- ◆ Byggkonsekvensar av konkrete tiltak formulert av samarbeidsprosjektet
- ◆ Byggkonsekvensar av ein ny pedagogisk plattform
- ◆ Byggkonsekvensar av eit skulesenter som også inkluderer eit arbeids- og næringsliv

Styringsgruppa er særleg oppteken av å få til ei samla utbygging som ivaretek dette på ein optimal måte.

¹ Eventuelt også inkludert mellomsteget på barneskulen.
Samarbeidsprosjektet

2 Styringsgruppe og faggrupper

Styringsgruppa har bestått av rektorar og pedagogiske leiarar ved dei tre samarbeidande skulane. I tillegg har Utdanningsdirektør Bjørn Tønnesen leia styringsgruppa og rådgjevar Rasmus Stokke vore viktig medspelar.

Faggruppene har vore samansette på tvers av dei tre skulane for faga:

Namn	Arbeidsstad	Leiar gruppe
Drangfelt, Ole	Sogndal vidaregåande	Matematikk
Flo, Jarle	Sogndal u-skule	Entreprenørskap
Nedrelo, Atle	Sogndal vidaregåande	Spes.ped
Sørheim, Bjørn	HSF	Språk
Salveson, Rolf	HSF	Idrett
Sire, Jan	HSF	Naturfag
Syse, Ingrid	Sogndal vidaregåande	Norsk
Volle, Sverre	HSF	Estetiske fag
Jon Navarsete	Sogndal u-skule	It/media/bibliotek

Dr.polit. Wiggo Hustad i Eduviva as har koordinert arbeidet (www.eduviva.no)

3 Samandrag

Samarbeidsprosjektet er eit prosjekt som skal utvikle samhandlingstiltak mellom Sogndal ungdomsskule, Sogndal vidaregåande skule og Høgskulen i Sogn og Fjordane med tanke på å realisere ambisiøse kvalitetsmål, både strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet. Prosjektet har fokus på samanhengande utdanningsløp der elevane/studentane får høve til å krysse grenser mellom skuleslaga, av pedagogiske, faglege, sosiale og interessemessige grunnar. Prosjektet har også vektlagt oppbygging av faglege miljø som integrerer utdanning, forskning og regional næringsutvikling Dette kan gje meir og betre forskning, høgare næringsaktivitet og større variasjon i læringsarenaer.

Arbeidet i samarbeidsprosjektet er gjennomført av ni faggrupper samansett på tvers av skulane, med rektorar og pedagogiske leiarar som styringsgruppe, og med utdanningsdirektøren som leiar av styringsgruppa. Gruppene har gjennom ulike møte drøfta typar samarbeid, og peika på kva samarbeidet kan bidra til, og kva for fysiske og organisatoriske grep som vil vere sentrale for å nå samarbeids- og kvalitetsmåla. Samarbeidsprosjektet har ein viktig plass i arbeidet med Fosshaugane Campus, og har vinteren 2003 hatt mykje merksemd retta mot samarbeidsprosessar og fysisk utforming av bygg og uteareal.

Prosjektgruppene har levert sine bidrag til styringsgruppa .Denne har samla bidraga med tanke på å tydeleggjere for plangruppene for Fosshaugane Campus dei pedagogiske, kompetanse- og utviklingsmessige elementa som må takast omsyn til for å nå sentralt formulerte kvalitetsmål.

Sentrale grep i denne rapporten for å auke kvaliteten i undervisninga og i elevane/studentane sitt læringsarbeid, for å sikre forskingskvalitet og for å auke regional relevans er:

Fleirfagleg teamorganisering. Her står eleven sentralt og lærarane organiserer seg i team kring større elevgrupper. Kvar lærar har primæransvar for deler av ei elevgruppe. Fysisk vil dette krevje fleksible areal med få eller ingen skilje mellom elev- og lærarareal. Lærarutdanningane, allmenn- og yrkesfag på vidaregåande og ungdomskulen kan organiserast etter ein slik modell.

Fagsenter. I fagsentra vil både undervisning, forskning og næringsverksemd finne stad. Tilsette frå minst to av skulane vil ha sin daglege base i sentret. Fysisk må desse utformast som ein lærings-/arbeidsplass med tilstrekkeleg fleksibilitet, og med naudsynt spesialutstyr. I tillegg må det finnast rom for bedrifter, forskarar og andre eksterne aktørar. Det er aktuelt å organisere idrettsfag, medie- og kommunikasjonsfag og kunstfag som eigne fagsenter.

Kompetansesenter. Eit slikt senter vert nytta av tilsette som normalt har sitt arbeide i team, men som i periodar har forskings-/undervisningsfri. Ein kan også sjå føre seg meir permanente forskings- og utviklingsaktivitetar ved senteret, t.d. oppdrag i regionen, gjerne knytt til etablerte forskingsmiljø. Senter med beslekta problemfelt bør lokaliserast i nærleiken av kvarandre. Døme på kompetansesenter på Fosshaugane er framandspråk, realfag og inkluderande skule.

Fagforum. Dette er ein samarbeidsarena/møteplass innan beslekta fag på tvers av institusjonar. Her er ikkje trongen for særskilt areal viktig, men areal for fagleg og kreativ kunnskapsdeling må finnast tilgjengeleg.

Fosshaugane Campus er ikkje berre team og senter. Både bygg og uteareal må formast med tanke på å vere ein møtestad for kompetanseutvikling for heile regionen. Det må difor finnast ein **allmenning** inne og ute. **Inne** vil eit bibliotek, med utvida funksjonar, vere ein sentral del av allmenningen. I tillegg må allmenningen inne vere ein innbydande plass for inntak av mat, for viktige velferdstiltak, informasjon og ikkje minst som eit vrimleareal, der også kunstnarlege uttrykk kan finne sin plass. **Uteallmenningen** kan formast med tanke på å vere del av læringsareaen. Ein kan legge inn element frå naturfaga som fysiske uttrykk som kan sjåast og takast på i vandringar over Campus. Det same kan gjelde for kunstfaga og idrett.

Styringsgruppa har konkludert med at samarbeidet på Fosshaugane Campus, realisert etter slike prinsipp, vil møte dei sentrale kvalitetsutfordringane på ein svært god måte. Det vil gi ei fysisk utforming som stimulerer til samhandling i tråd med nye læreplanar (**strukturkvalitet**). Relasjonane mellom elevar, studentar, lærarar og regionen vil bli prega av nye arbeidsformer i pakt med dei krav tida vi lever i stiller. Den einskilde elev vil utvikle seg til å meistre nye utfordringar, tilsette vil styrke sin kompetanse, og nærings- og arbeidslivet vert trekt inn i ein spanande og utviklande dialog (**prosesskvalitet**). Utfallet av slike nye strukturar og prosessar vil vere betre **resultatkvalitet**. Aktørane vil lære meir og betre innafor sentrale fag, i tillegg til at dei vil utvikle kompetanse om det å lære i ei omverd prega av uvisse.

Fosshaugane Campus blir ein møtestad for ulike kunnskapar, haldningar og kulturar. Dette er den beste føresetnaden for å utvikle toleranse for variasjon, kreativ orientering og nyskapingsvilje.

4 Utgangspunkt, problemstillingar og samarbeidsområde

Samarbeidsprosjektet er eit prosjekt som skal utvikle og utnytte samhandlingstiltak mellom Sogndal ungdomsskule, Sogndal vidaregåande skule og Høgskulen i Sogn og Fjordane.

Desse skulane er kjenneteikna av

- ◆ den tette lokaliseringa
- ◆ at høgskulen har ei stor avdeling for lærarutdanning og elles stor spreing av fag og studium
- ◆ at den vidaregåande skulen er stor (størst i fylket) med mange studieretningar
- ◆ at ein har ein relativt stor og utviklingsorientert grunnskule (mellom- og ungdomssteg)
- ◆ at lokalitetar for idrett er særleg godt utbygt
- ◆ og at alle institusjonane no er i ein planfase for bygging

Samla finst det om lag 3500 studentar/elevlar knytt til desse skulane. Fleire enn 400 lærarar og anna fagpersonale har sitt daglege virke på Fosshaugane. Fram til no har samhandlinga og utnyttinga av desse enorme ressursane vore lite koordinert. Eit samordnande prosjekt både når det gjeld utbygging av fysisk infrastruktur og samhandling på tvers av institusjonsgrensene er fagleg, økonomisk og samfunnsmessig interessant. Å lukkast med ei samla utbygging på Fosshaugane avheng av ei rad faktorar. Mellom dei som kan påverkast lokalt er å syne til faglege, økonomiske og samfunnsmessige gevinstar gjennom samarbeid den viktigaste.

Ei særleg utfordring er det sjølvsagt å både ta omsyn til den einskilde skule sine behov, og samstundes utvikle det som skal bli ein heilskap, når mange av dei fysisk endringane skal skje innafør ramma av verksemder som er i løpande produksjon/drift.

4.1 Samarbeidsområde

Styringsgruppa har innleiingsvis peika på to hovudformer for samarbeid som kan bidra til å møte slike kvalitetsmål. Til desse sorterer sju ulike samarbeidsområde:

4.1.1 Fagleg og pedagogisk samarbeid

- ◆ Samarbeid der elevlar/studentar kryssar institusjonsgrenser i fagleg samanheng
- ◆ Samarbeid om og mellom fagpersonale i dei tre skuleslaga
- ◆ Samarbeid om faglege problemstillingar, forskning og utviklingsarbeid

4.1.2 Andre samarbeidsområde

- ◆ Samarbeid om velferds- og miljøtiltak, elevlar/studentar og personale
- ◆ Samarbeid om informasjon
- ◆ Samarbeid om og mellom administrativt/teknisk personale
- ◆ Samarbeid om lokale, utstyr og drift av dette

Samarbeidsprosjektet

4.1.3 Samarbeid om fysisk utforming

Skulesamarbeidsprosjektet har gjennom arbeidet i faggruppene utvikla ulike prosjekt. På grunn av at andre plangrupper har vore interesserte i vårt syn på trongen for bygg og utstyr, har arbeidet sidan jul særleg fokusert på samarbeid om lokale og utstyr. Vi har såleis særleg sett på tre forhold som kan ha innverknad på den fysisk utforminga:

- ◆ Byggkonsekvensar av konkrete tiltak formulert av samarbeidsprosjektet
- ◆ Byggkonsekvensar av ein ny pedagogisk plattform
- ◆ Byggkonsekvensar av eit skulesenter som også inkluderer eit arbeids- og næringsliv

Frå styringsgruppa si side har det vore understreka at ein er særleg oppteken av å få til ei samla utbygging som ivaretek dette på ein optimal måte.

5 Samarbeid og samhandlingsprinsipp

Samarbeidsmåla er mange, og dei må løysast innafor visse rammer. Vi siktar her både til samarbeid i prosjektfasen og etter at Fosshaugane Campus er ein realitet. Det er da nyttig å "ramme inn" våre tankar i eit handlingsrom.

5.1 Handlingsrom

Drift og utvikling av pedagogiske institusjonar må pregast av tida ein er i, og den ein forventar framover. I tillegg vil ny innsikt om gode læringsformer og -arenaer måtte takast omsyn til. Og til sist må skulane vere opne for eit samspel med si omverd gjennom ulike tiltak. Desse omsyna har styringsgruppa freista å fange i det vi kallar samarbeidsprosjektet sitt *handlingsrom*. Figuren under syner dette handlingsrommet. På den eine dimensjonen (horisontalt) tenkjer vi meir på organiseringa av skuleverksemda som


- a) eleven i fokus med faga som tilbod avhengig av behov (til venstre i figuren, td. i ulike prosjekt)² - FLEIRFAGLEG TEAMORGANISERING
- b) faget i fokus, der fagfolk på tvers av skulane utviklar eit utfordrande fagmiljø (til høgre i figuren, td. ved nært samarbeid mellom idrettsfagleg tilsette ved dei tre skulane) - FAGSENERORGANISERING

På den andre dimensjonen (vertikalt) har vi graden av orientering mot forskning og næringsutvikling. Her tenkjer vi på i kva grad skulane orienterer seg mot NÆRING og FoU. Kunnskapsparten vil då få ei sentral rolle. Viktige målsetjingar vil vere:

- c) å samarbeide med/trekke inn lokale verksemdar i skulearbeidet (td. at ei mekanisk verksemd gjennomfører sine prosjekt saman med elevar/studentar, som såleis kan lære om mekanikk, matematikk, norsk, marknadsføring, etc. i kring eit fysisk objekt)
- d) hjelpe gründerar fagleg, utstyrmessig eller med mellombels plass
- e) å utvikle eiga næring med utgangspunkt i fag eller kompetanseområde i dei tre skulane (saman eller åleine)
- f) vidareutvikle fagspesifikk FoU
- g) generere meir profesjonær FoU som og fanger opp problemstillingar frå dei tre skuleslaga

² Sjå figuren under for plassering av a - e.
Samarbeidsprosjektet

Utfallsrom for samarbeidsprosjekta



Ein kan da sjå føre seg kombinasjonar innafor desse dimensjonane med ulike krav til organisering, bygg og utstyr på tvers av skulane og mot omverda. Like viktig som å spørje om kvar vi skal i morgon, er å måtte konstatere at dei fleste kombinasjonar innafor desse dimensjonane representerer utfordringar for dagens arbeidsformer og læringsarenaer. Uansett kombinasjon så vil dette krevje at Fosshaugane Campus må vere ein svært fleksibel, men samstundes tydeleg læringsarena.

Figuren kan oppfattast som eit statisk bilete, men for samarbeidsprosjektet er dette meir eit bilete på eit handlingsrom som tillet variasjonar over tid, og som ikkje minst er ope for eit perspektiv på livslang læring. Vi kan sjå føre oss at den fleksibiliteten vi her snakkar om gir ein og same lærande høve til å nytte Fosshaugane Campus ved mange læringsbehov i ulike livsfasar. Også for eigarane er det vesentleg at ein legg opp til ein arena som ikkje berre er innretta mot det som er "god latin" i dag. Ei stor investering som denne må gi langsiktig avkastning - økonomisk og kunnskapsmessig.

5.2 Orientering i handlingsrom og organisering av samhandling

Prinsipielt kan vi sjå føre oss eit sett av "organisasjonsmodellar" med utgangspunkt i dette handlingsrommet. Det heilt sentrale med handlingsrommet er at det tillet ein kombinasjon av tilnærmingar som vi i dag finn i reindyrka form andre stader. Dvs at vi finn enten rein (fakultær) fagorientering eller prosjekt-/objektorientert organisering (fleirfagleg teamorganisering). Fosshaugane Campus kan bli ein arena som ivaretek eit spekter av måtar å samordne lærings- og utviklingsaktivitet på. I tillegg til mindre justeringar av dagens arbeidsformer for einskilde, kan ein tenkje seg:

◆ Fleirfagleg teamorganisering

Teamorganisering av verksemda med elevane i sentrum er ei pedagogisk tilnærming som ligg i front internasjonalt. Her har ein ei gruppe lærarar med ulik fagleg bakgrunn som danner eit Samarbeidsprosjektet

team kring ei elevgruppe (td eit lærarteam på 6-7 lærarar på 80 elevar, der kvar lærarar kan ha særleg ansvar for kvar si mindre gruppe i den samla elevgruppa).

Det er viktig at dei delane av dei tre skulane som skal samarbeide tettast legg same pedagogiske basistenking til grunn. Ein vil då forstå kvarandre sine rammevilkår og såleis legge til rette for nyttig erfaringsutveksling. Elevar og studentar vil kjenne att arbeidsmåtar og organisering når dei tek steg oppover i utdanninga si. Reint praktisk vil korresponderande pedagogisk tilnærming òg gjere det enklare for både elevar/studentar og lærarar å krysse grensene til dei andre skulane. I det heile vil det praktiske samarbeidet fungere lettare.

Til dømes vil vi her ha ei gruppe elevar som skal utvikle eit nytt produkt X. Dette produktet må utformast (kunst og handtverk), styrkeberekna (matematikk, fysikk), marknadsførast (multimedia, miljølære, norsk) og seljast (salslære, økonomi, rekneskap). Med eit prosjekt i fokus vil elevgruppa møte mange fag, og kvar elev kan møte eitt fag på ei anna tid enn ein annan. I løpet av prosjektet/året vil likevel alle elevar vere sikra å ha møtt alle fag i tråd med individuelle læreplanar.

◆ **Fagsenter**

Her kan ein sjå føre seg "reindyrka" fagsentra på tvers av skuleslaga. I slike fagsentra vil aktivitetane gjelde både undervisning, forskning og ulike typar næringsverksemd. På fagsentra vil tilsette frå minst to eller alle tre skulane ha sin arbeidsplass i tillegg til dei som arbeider med næring. Det finst fleire grunnar enn det faglege fokuset for å gjere ein slik "vri". Visse fag stiller store krav til utstyr eller areal, og det vil såleis vere kostnadseffektivt å etablere slike sentra. Det vil og vere ein del elevar og studentar som har fagsenteret som sin hovudbase.

◆ **Kompetansesenter**

Ei anna form for senter er å legge til rette slik at fagtilsette som har undervisningsfri/fri frå arbeid i teama og utfører FoU-arbeid eller næringsaktivitet, kan sitje i lag med fagkollegaer på tvers av skuleslaga i den aktuelle perioden. Desse fagfolka vil såleis kunne ha arbeidsplass både i eit team og i eit kompetansesenter.

◆ **Fagforum**

Skulane har tilsette med same faglege bakgrunn innafor fleire fagområde der "faste kompetansesenter" ikkje treng vere løysinga. På fleire av desse områda er det faggrupper som har diskutert samarbeid på tvers av institusjonane. Det kan gjerast ved å danne møteplassar eller fagforum.

Fagforuma bør stimulere og realisere idear om samarbeid på tvers. Dette kan ta ulike former. Elevar/studentar og lærarar som krysser grenser er ei form. Ei anna form er jamnlege føredrag/diskusjons-arrangement. For å halde liv i samarbeid av denne typen, er det naudsynt med fagforum. Slike former for samarbeid vil vere avhengig av interesse blant dei fagtilsette, men kan sjølvsagt stimulerast av leiinga. Fagforuma kan også ta initiativ til næringsretta aktivitet.

5.2.1 Samhandling og vilkår for kunnskapsdeling

Som det går fram over kan vi i tillegg til dei behov ein har for areal tilpassa nye arbeidsformer på kvar skule også sjå føre oss ei utvikling av ulike senter. Kva er så dette, og står det i motstrid til ei prosjektorientert læringsform?

Fagsenteret skil seg frå meir generelle læringscenter knytt til teamorganisering på den einsskilde skule gjennom graden av spesialisering. Medan ein kan sjå føre seg utforminga av storparten av det arealet ein har innafor det 13-årige løpet som læringscenter (fleksible areal med rom for mange fag knytt til prosjekt), vil fag- og kompetansesenteret vere dedikerte areal for eitt fag eller nært beslektta fag. Her er det samhandlinga mellom fagfolk og samarbeid med bedrifter og oppdragsgjevarar (inkludert forskingsoppdragsgjevarar) som står i fokus for utforminga. Viktige spørsmål i arbeidet her blir kva for fysiske former det er som stimulerer til samhandling, og samstundes gir rom for stille og fordjuping når det er naudsynt.

5.2.2 Samhandling i senter

Sentra er primært base for fagfolk. Vi ser føre oss at eit senter må ha så mykje ekstern verksemd at det kan forsvare å tilsette/årsverk utan offentleg finansiering. Dette er viktig for å sikre at det som oftast finst folk i senteret. Vi ser også på senteret som "kontorplassen" til tilsette ved HSF. Desse har truleg noko mindre undervisningsbelastning gjennom året, og vil såleis vere dei mest permanente leigetakarane. Men også visse deler av Sogndal VGS vil ha permanent tilhald i slike senter.

Samhandlinga skjer både spontant og planlagt. Dette vil vere opp til dei einsskilde fag å organisere, men det må sikrast at det finst møteplassar/grovkjøken for idebearbeiding.

Fagsenteret må sikre at kunnskapsdeling skjer mellom fagfolk. Utan kunnskapsdeling kan vi ikkje sjå føre oss kunnskapsutvikling. Fra teori om organisasjonslæring veit vi at slik kunnskapsdeling er tufta på visse vilkår³:

◆ **Vilje**

Utan at deltakarane *vil* dele kunnskap, og at det vert prioritert av leiarskapen, kan ein ikkje vente å få til kunnskapsdeling. Det er eit særleg leiaransvar å sikre utvikling av haldningar og å sikre ressursar til slikt arbeid.

◆ **Omskifte/kaos**

Sjansane for at søking etter ny kunnskap skal starte, og interessa for å etablere dialog med andre, er høgare når endringstakta i omgjevnadane er høg. Dette vilkåret er normalt ikkje vanskeleg å støtte i den tida vi lever i. Opplevinga av ei krevjande omverd vil nok likevel variere mellom fag og skuleslag.

◆ **Fridom**

Når ny kunnskap skal utviklast⁴ er det som oftast tenleg å bryte med dei arbeidsformer, strukturar og prosedyrar som ein nyttar i det daglege (dei som kan ha skapt trongen for å utvikle ny kunnskap). Det tilseier at ein må fri seg frå det som bind tanke og handlemåte. Også eit framtidig Campus må vere fleksibelt nok til at slik fridom kan sikrast.

◆ **Likskap**

Eit sentralt vilkår for å kunne utvikle ny kunnskap er å sikre at aktørane forstår kvarandre. Dette er meir eit spørsmål om prosessleing enn om fysiske rom. Ein kvar prosess må vere lagt opp slik at ein ser til at deltakarane ikkje "snakkar forbi" kvarandre. I eit akademisk miljø

³ Sjå td Wiggo Hustad: Lærande organisasjonar - Organisering for kunnskapsutvikling, Samlaget, 1998

⁴ Her skil vi mellom det å *utnytte* og å *utvikle*: Utnytting (forstått som å vidareføre, forfine, justere) av kunnskap kan skje innafor etablerte rammer. Utvikling er å bryte med det etablerte.

er sjansane for utvikling/bruk av fagspesifikke språk store. Dette er effektivt innafor fag, men ikkje i møte med andre fag eller med td. ei lokal bedrift.

◆ **Ulikskap**

Sjølv om det er viktig at likskap vert sikra, krev jakta på ny kunnskap også ulikskap. Utan denne vert ikkje den kreative spenninga i eit kunnskapsutviklingslag sikra, eller som det heiter: "Hvor alle tenker likt, tenker ingen meget". Slik ulikskap kan sikrast gjennom å lage ein møteplass som er open for verda utanfor (skuleverda).

◆ **Sosiale eller formelle mekanismar**

I kunnskapssamfunnet overlever vi som sagt best om vi sikrar kunnskapsutvikling. Men kunnskapssamfunnet har ikkje oppheva dei økonomiske og sosiale grunntrekka ved samfunnet. Meir enn nokon gong er det truleg viktig å sikre at den eller dei som bidreg til at kunnskapsdeling skjer, får noko attende frå denne delinga. Dei som deltek i kunnskapinga skaper ein meirverdi som dei har både emosjonelle, faglege og økonomiske interesser i. Noko av "oppgjeret" får ein gjennom den økonomiske kompensasjonen som løn representerer. Men denne får også dei som ikkje vil dele. Eit levande Fosshaugane Campus må difor etablere mekanismar som sikrar at kunnskaparane ikkje kjenner seg utbytta.

5.2.3 Kompetente aktørar

Eit fagsenter må ha kompetente aktørar. Kompetanse forstår vi som evne og vilje til å omsetje kunnskap i handling. Det er viktig at den eller dei som har relativt fast tilhald i eit slikt senter har høg fagleg kunnskap, kjennskap til metode/fagdidaktikk, og evne til å rettleie både elevar/studentar, kollegaer og eksterne interessentar. I tillegg må det ved senteret vere innslag av forskingskompetanse og entreprenørskapskompetanse.

5.2.4 Senter og prosjektorientert læring

Den fleirfaglege teamorganiseringa vi ser vekse fram på dei ulike skulane har prosjektbasert læring som sitt "grep". Pedagogar vil kjenne att dette som situert læring eller som sosialkonstruktivisme. Men det er ikkje noko i vegen for å nytte tilsvarande "grep" i fagsentra, einaste skilnaden vil vere at her er ein meir orientert mot fagleg djupne, enn mot fagleg breidde. Alle vilkåra for deling av kunnskap gjeld også her.

5.3 Arealtypar og læringssyn

Utforminga av læringsareal må underbygge den pedagogikk ein legg opp til. Det er all grunn til å tru at ein går mot nye arbeidsformer, der kunnskapsutvikling som sagt over i langt sterkare grad enn fram til i dag vil vere basert på sosial/gruppebasert samhandling, læraren som tilretteleggjar og meir bruk av teknologi for å støtte læringsprosessane. Vi kan seie at vi går frå eit *konsumentperspektiv* på kunnskapsutvikling kjenneteikna av :

- ◆ informasjonsformidling og "kateterundervisning"
- ◆ retta mot individet og mot reproduksjon av kunnskap

til eit *produsentperspektiv* kjenneteikna av

- ◆ konstruksjon av meining og kunnskap
- ◆ i sosiale læringsfellesskap
- ◆ gjennom informasjonsbehandling og eksperimentering
- ◆ gjennom samhandling og dialog i problembaserte prosjekt

For å make dette må ein bygge læringsmiljø som stimulerer til aktivitet, til søking etter og kritisk bearbeiding av informasjon og erfaringsbasert kunnskap i eit sosialt fellesskap.

5.4 Arealtypar i kreative læringsmiljø

Vi vil peike på at det pedagogiske arbeidet på mange måtar bygger på eller er avhengig av tre arealtypar. Eit viktig siktemål med arealdisponeringa er å sjå til at denne er fleksibel nok til å kunne fungere over lang tid, men at den samstundes er robust og tydeleg nok i høve til institusjonane sitt primære ansvarsområde.

5.4.1 Primærareal

Primærarealet er arealet der eleven har sitt sosiale eller faglege fotfeste. For ungdomsskulen kan dette vere alderstrinnet, for vidaregåande faga, og for høsskulestudenten studiet. Dette er den trygge basen ein oppsøker for å oppleve formidling eller samarbeid/dialog i store grupper.

5.4.2 Sekundærareal

Dette er arealet for aktivt læringsarbeid. Det kan vere primærarealet som er omforma, men det kan også vere at dette er eit spesialdesigna areal for prosjektbasert arbeid/spesielle fag (wet science). Dette arealet kan/bør vere tilgjengeleg i store delar av døgnet for fleire grupper enn dagbrukarane (sidan det truleg inneheld utstyr som krev høg bruksfrekvens for å kunne forsvarast økonomisk).

5.4.3 Tertiærareal

Dette er fellesareal ein oppsøker for å bryte opp læringsarbeidet, eller som er areal for fellestenester (kantine, administrasjon).

5.5 Utforming

Fagsenteret kan utformast på same måte som andre kreative læringsmiljø. Det vil seie eit fleksibelt areal som kan vere base for nokre faste aktørar, plass til "hospiterande", der ein både har eit fellesareal for den gruppestorleiken ein ser føre seg, samt "stillerom"/kontor. For å sikre slik fleksibilitet har ein ved andre skular bygd heller store fellesrom, med gruppe-/prosjektarbeid som kjennemerke. I randsona kring slike større rom har ein mindre grupperom som kan vere både rom for lærarar og for prosjektgrupper som treng meir ro, samt at det kan vere rom for hospiterande bedrifter. Utforming og utstyrmengd vil sjølvsagt avhenge av kva for type fag romma skal nyttast i.

Ein kan hente inspirasjon til slik utforming fleire stader i inn- og utland, også i andre bygg enn skular. Ei gruppe ved HSF har alt vore på synfaring i Trøndelag (Høgskulane på Levanger og i Trondheim). Arkitekthøgskulen er spanande. Gjensidige NOR Sparebank sitt læringssenter på Lysaker har interessante element.

6 Faggrupper

Med fag som utgangspunkt har her, har ni faggrupper drøfta samarbeid langsetter dei sju samarbeidsområda som vart skisserte i visjonsnotatet.

Faggruppene har i fleire møte utvikla prosjekt som fell innfor "handlingsrommet". I det følgjande syner vi til desse prosjektskissene. Dei vi så bli samla og drøfta særskilt med tanke på konsekvensar for felles arena og utstyr. Prosjekt som har lite eller ingen konsekvens for byggplanlegging, eller som vil bli løyste som følgje av andre prosjekt med konsekvens for bygg, vil ikkje bli kommentert nærmare her. Desse prosjekta vert følgde opp i løpet av våren. Styringsgruppa og prosjektkoordinator har hatt høve til å sjå meir på tvers av faggruppene sine bidrag, og trekker ein del vekslar på dette i oppsummeringa.

6.1 Bidrag frå faggrupper

6.1.1 Faggruppe matematikk

"Matematikkopplæring på tvers av skuleslaga grunnskule, vidaregåande skule og høgskule.

Matematikkgruppa i prosjekt "Samarbeid på Fosshaugane" er sett saman av fagpersonar med lang og brei røynsle i matematikkopplæring frå ungdomsskule, vidaregåande skule og høgskulesystemet. Det er semje i gruppa om at ein stor del av elevane/studentane har så dårlege grunnkunnskapar i matematikk at dei har problem med å følgje det ordinære opplæringstilbodet. Vi trur at det er mogleg å tilby desse gruppene eit felles fagtilbod sjølv om dei er på ulike trinn i utdanningsløpet. På møtet vart ulike strategiar for ein slik opplæring diskutert.

Formål med prosjektet:

Målet er å betra evna til å løyse og forstå oppgåver innanfor grunnleggjande emne i matematikk. Vi vil og prøve å betra arbeids- og studievaneane slik at elevane/studentane blir meir sjølvstendige. Få betre kontakt mellom lærarane på dei ulike skulane på Fosshaugane.

Type samarbeid:

Samarbeid der elevar/studentar kryssar institusjonsgrenser i fagleg samanheng og samarbeid mellom fagpersonar i dei tre skuleslaga".

Prosjektgruppa peiker på at dette primært er eit pedagogisk nybrottsarbeid, og har så langt ikkje peika på spesielle utstys- eller byggmessige behov. Prosjektet kan startast før byggestart. Det er likevel ingen grunn til å tru at ikkje eit slikt prosjekt vil kunne ha stor nytte av ein møteplass for både faglærarar på tvers av skulane, og for å kunne ta i mot t.d. bedrifter/prosjekt for å introdusere grunnleggjande matematiske emne for elevar med "reknevanskar". Styringsgruppa har sjølv peika på omgrep som "real FAGfabrikk" nettopp med utgangspunkt i den breie realfagskompetanse skulane rår over. Eit Fosshaugane Campus som får ry på seg for å produsere gode realfagsresultat vil vere både fagleg og marknadsmessig nyttig. Sikring av slik kvalitet kan skje gjennom eit kompetansesenter for realfag.

6.1.2 Faggruppe natur- og realfag

Natur- og realfaga (ekskl. matematikk) peiker så langt på to prosjekt⁵:

"Prosjekt 1. Skule- og utelaboratorium på Hafslo.

Prosjektet går ut på å få opprettet et utelaboratorium på Hafslo (skuledelen finst). Det må bygges naust og brygge, og nødvendig feltutstyr må kjøpes inn. Det må også skaffes ressurs til drift. Med disse fasilitetene på plass kan man gjøre vannanalyser og studere plante- og dyrelivet i området. Slike undersøkelser ligger godt til rette for pedagogisk samarbeid på tvers av skoleslagene".

Grappa skriv vidare: "Dreneringsområdet til Årøyvassdraget inkluderer eit stort mangfald av naturtypar og kulturlandskap. Vassdraget er sentralt i landskapet og spenner frå bre til fjord. Her er klare sidebekkar, brevatn, innsjø og rolege elvestrekningar. Her finn vi og fylkets største og finaste våtmarksområde med fuglefredningsområde. Langs vassdraget finn ein vekselvis kulturlandskap og område med svært lite menneskeleg påverknad. I området finn ein u-dalar og v-dalar, hengande dalar, morener, esker, skuringsstriper, jettegryter, bresjøavsetningar og marine avsetningar. Primærnæringane dominerer med jordbruk, skogbruk og stølar".

Målet er å få til eit samarbeid om å vidareutvikle Skule- og utelaboratoriet slik at det kan nyttast til beste for fleire skular. Luster kommune og HSF har ein intensjonsavtale om sambruk av båtar, feltutstyr, laboratorium og laboratorieutrustning. Det er ynskjeleg at fleire brukargrupper/skuleeigarar kjem med i samarbeidet.

I dag er båtar og feltutstyr lagra dels på Lyngmo og dels på Foss og i Flåtengården. For andre brukargrupper enn HSF er tilgangen til utstyret såpass tung og tidkrevjande at det kort og god fungerer som eit effektivt hinder for bruk.

"Det må bygges naust for båtar, kanoar og feltutstyr og brygge for på- og avstiging. Nødvendig feltutstyr må kjøpes inn (redningsvestar). Det må også skaffes ressurs til drift. Det må lages avtale som regulerer bruk og driftsutgifter. Med disse fasilitetene på plass ligger det godt til rette for pedagogisk samarbeid på tvers av skoleslagene".

Faggruppa ser dette som eit fagsentrert prosjekt og har vanskeleg for å "se for seg noe næringsaktivitet knyttet til prosjektet. For høyskolen vil prosjektet være et viktig bidrag til den limnologiske forskningen ved skolen".

I og med at ein her peiker på samhandling på tvers av skulane i bruken av dette utelaboratoriet, vil det vere naturleg at bearbeiding av faglege og pedagogiske røynsler skjer innafør ein effektiv kunnskapsdelingsarena på Campus.

Prosjekt 2. Uteområdet på Campus Fosshaugane.

"Prosjektet skal bidra til et godt naturfaglig læringsmiljø i nær tilknytning til skolene.

⁵ Koordinator har ikkje freista å omsetje bidraget til nynorsk. Difor "..." Samarbeidsprosjektet

Vi ønsker at det bygges en dam på uteområdet på Campus Fosshaugane. Dammen må ha varmekabler og pumpe. Dybde ca ½ m og areal ca 20 m². Dammen skal ha et plante- og dyreliv som på en god måte kan trekkes inn i undervisningen.

Geologien kan presenteres ved at det plasseres steiner av forskjellig slag på området. Disse vil kunne fylle både en estetisk og læremessig funksjon. Det samme kan vi oppnå på botanikkens side ved å la uteområdet inneholde norske tre- og planteslag, disse kan derved lett trekkes inn i undervisningen. Om mulig bør det også anlegges en natureng, her har HSF solid ekspertise. Det er også ønskelig med en urtehage med kompostbinge. Vi kan også tenke oss at det settes opp forskjellige apparater som illustrerer fysiske prinsipper. (Interaktiv fysikk)"

I dette tverrfaglege prosjektet peiker gruppa på at uteområdet er ein del av den framtidige læringsarenaen⁶. Dette krev både bygningsmessige og tekniske installasjonar som må vere med i den tidlege planlegginga. Det er også grunn til å tru at alt arbeid innafør fagfeltet vil basere seg på moderne former for dokumentasjon av fagleg arbeid.

Ein kan difor sjå føre seg at matematikk og andre realfag blir etablert som eit kompetansesenter for fagpersonalet på tvers av skulane. Realfaga har relativt stor trong for spesialrom for laboratorieforsøk, noko som med fordel kan nyttast av fagpersonalet på tvers av skulane, og kanskje for eit fleirtal av studentane/elevane. I alle fall vil HSF-studentar med naturfag som fordjuping kunne bidra til undervisninga i vidaregåande og i ungdomsskulen.

Vi kan difor sjå føre oss ein kompetansesenter med felles tekniske installasjonar/"grovkjøken" som eit "nav", og med aksar eller nodar for dei respektive faga. Det vil vere naturleg at eit moderne laboratorium også er eit "dokumentarium" for desse faga (jfr kravet om resultat kvalitet).

6.1.3 Faggruppe idrett/kroppsøving

Idrett er det området der ein har mest erfaring med å arbeide som eit fagsenter. Faggruppa ønskjer å utvikle eit fagsenter på tvers av skuleslaga, der felleslokalisering kan bidra til meir spesialisering, og dermed auka kompetanse. Ein ser føre seg at fagpersonalet har eit senter, der fagpersonalet må vandre til elevane. Slik vandring vil imidlertid vere prega av kva areal ein nyttar i det praktiske idrettsfaglege arbeidet. Skulane ønskjer utvida samarbeid om bygg, uteområde og utstyr, samarbeid om organisasjon/administrasjon og samarbeid om lærar- og elevkompetanse, gjesteforelesarar og kurs. Utvida samarbeid mellom skulane skal legge vekt på:

- ◆ Pedagogisk utviklingsarbeid
- ◆ Organisering av praksis
- ◆ Meir og betre tilbod om aktivitet til kvar elev

Gruppa ønskjer å arbeide fram ny kroppsøvingssal i tilknytning til Storhallen som grunnlag for meir tilpassa undervisning og samarbeid mellom skuleslaga. Ved bygging av skule for framtida ser dei tre seksjonane for seg ein supplerande undervisningshall som betrar dagens undervisningstilhøve. Ikkje minst vil det legge grunnlag for tilpassa undervisning, eit nærare samarbeid mellom dei tre skuleslaga og nytenking omkring korleis fysisk aktivitet kan organiserast i framtida. Vi ser for oss at undervisningshallen må plasserast i aksen SUS,

⁶ Sjå også gruppe for estetiske fag og idrett om utforming av uteareal. Samarbeidsprosjektet

Storhallen og Idrettshallen, SVS. Den nye hallen må konstruerast med tanke på å stette krava til multifunksjonalitet. Som ein ny felles arena for alle tre skuleslaga ser vi for oss ei slags "pedagogisk storstove" - eit slags kulturhus - til bruk også for andre faggrupper enn krø/idrett (t.d. dramaundervisning, musikk, "kulturtimen"). Lokalet kan også fungere som eit forsamlingslokale i området. Storleiken kan vere på ca 400 m² – ei halv handballbane. Dette "rommet" treng ikkje vere firkanta. Det kan vere eit areal som ikkje har standard form, men som innbyr til kreativitet, nye former for læring... og i det heile ein fleksibel bruk. Eit pedagogisk hus, som alle skuleslag kan nytte til ulike formål, på dagtid og kveldstid. Det kan vere eit spleiselag frå HSF, SVS og SUS, og bør eigast og disponerast av skulane. Ungdomsskulen ønskjer særleg tilgang til styrkerom og spesialrom for musikkaktivitetar, og vgs tilgang til testlokale og rom for musikkaktivitetar⁷.

Grappa peiker på trong for utvikling av nye uteareal som erstatning for det ein misser ved utbygging. "Vi veit at uteområdet vil bli innsnevra ved ei utbygging, og det er viktig å sjå på disponeringa av desse areala på eit tidleg tidspunkt. Vi må ha erstatningsareal for grusbanen, og vi må behalda mest mogleg av «Lerkeskogen» til bruk i vår- og haustmånadene . Hagen på Kvåle må verta godt tilrettelagt for aktivitetar som ballspel, aktivitetsløype, ski, joggeløype og nærfriluftsliv. Trongen for eit felles uteareal for alle, i skuletida og fritida, vil bli særst viktig i framtida for å motverke tendensane vi ser til inaktivitet mellom born og vaksne i samfunnet".

Fagsenter Idrett er i tillegg til å vere ein møtestad for fagfolk innafor skulane, også ei næringsverksemd. Til denne er knytt både studentar som deltidsarbeidande og fagfolk som tilbyr tenester til publikum på heil eller deltid. Med basis i erfaringane frå Storhallen ser ein både behov for vidareutvikling av samarbeid og høve til ytterlegare kommersialisering.

6.1.4 Faggruppe framandspråk

Grappa vil oppretta eit kompetansesenter for språk på tvers av skuleslaga (fagsenter). Fortrinnsvis engelsk tysk, fransk, men kan trekkja inn kompetanse i andre fag etter ønskje. Dette vil auka kompetansen på tvers av skuleslaga og sikre kontinuitet over skulegrensene.

Grappa peiker på det breie aktivitetsfeltet: Aktivitet retta inn mot undervisning, forskning, kursing, turisme, omsetjing, språkopplæring for næringslivet, kort sagt eit kompetansesenter der alle aktivitetar innan språkopplæring og bruk av framandspråk og internasjonalisering vert lagt inn.

Eit fagsenter vil samla kompetansen på språkopplæring på vidaregåande nivå og på høgskulenivå i eit senter. Her kan ein tilby:

- ◆ tenester til opplæring, skule og næringsliv og turisme eventuelt reising og guiding.
- ◆ kompetanse til grunnskule innan språkopplæring og samarbeid med ungdomsskulen om pedagogiske arbeid med språk og språklege tema.

Grappa peiker her på trong for å både kunne samle fagfolk til fagleg/pedagogisk arbeid, samt å kunne ta i mot eksterne brukarar. Eit språkfagleg miljø vil ha trong for eigna areal både til å kunne arbeide uforstyrra og til å samhandle aktivt med bruk av ulike medier. Eit moderne

⁷ Gruppe for estetiske fag og spes.ped. peiker også på trong for areal for fysisk utfolding som kan tenkjast kopla til dette.

språklaboratorium til bruk for alle elevar og studentar på Fosshaugane høyrer naturleg inn i dette biletet. Gruppa peiker også på trong for eit rom med storskjerm for filmframsyning og video/DVD. Det vil difor vere naturleg å sjå dette behovet saman med dei behov som medie- og bibliotekgruppa har. Kan hende vil desse kunne vere aksar kring eit IKT-tungt nav?

6.1.5 Faggruppe estetiske fag

Denne gruppa har - som naturleg er - vore sær kreativ. Den har presentert ikkje mindre enn sju delprosjekt. Mange av desse går direkte på behov for areal, eller er bidrag til tankar kring fellesareal. Fleire av prosjekta er knytt til utnytting av felles fagkrefter, og tillet elevar/studentar å krysse institusjonsgrenser. Av særleg betydning no er tankane om nybygg (som er verkemiddel til å kunne iverksetje mange av dei andre aktivitetsorienterte samarbeidsprosjekta):

- a) Utstillingsområde (gjerne ”ute-amfi”) for måleri, skulptur o.a. (også elevarbeid) knytt til kafedrift / vestibyle som må liggja i nærleiken av inn- og ut-gangane (for å unngå trange korridorar med mange menneske). Gelender mellom vegg og publikum vil verje kunsten og ev. montrar og glas-skåp
- b) Scene m/amfisal til stort publikum (”Black Box” med uttrekksbar amfi) og ruterigg i taket, ev. slå saman lokale som til vanleg er delte v/hjelp av lause faldeveggar. Utstyrslager med alle audiovisuelle hjelpemiddel, lysgalgar, styrings-system, kostymer o.a. rekvisittar
- c) Uterom med estetiske, praktiske, faglege og pedagogiske kvalitetar⁸
- d) ”Lunger” som er vakkert utforma og med plass til utstillingar av arbeid av både studentar og profesjonelle
- e) Spesialverkstader og atelier for grafikk, stofftrykk, film/video, musikk, grovverkstad for større skulpturarbeid, keramikrom, mørkerom og for utleige til eksterne brukarar

Som ein ser er denne gruppa orientert mot både prosess- og resultat kvalitet, og tek inn over seg både trong for spesialrom og å kunne utnytte fellesareal som rom for framsyning/performance.

6.1.6 Faggruppe norsk

Norskgruppa har hatt som utgangspunkt i arbeidsområdet: *Samarbeid om og mellom fagpersonale i dei tre skuleslaga*. Gruppa har drøfta i kva grad norskfaget kan dra nytta av eit eventuelt nybygg på Fosshaugane. Det kom fram mange tankar om kva eit godt utbygd bibliotek kan ha å seie for elevar og lærarar generelt, norskfaget spesielt. Eit bibliotek vil vere ”hjartet” i ein kvar moderne skule – ein stad der elevar finn/hentar litteratur og informasjon, ein stad der dei kan arbeide sjølvstendig, og gjerne ein stad knytt opp mot andre spesialrom som t.d. eit multimedierom og eit dramarom. Dette er rom og utstyr som vil koste ein del, men som alle skuleslaga bør kunne samarbeide om bruken av.

Gruppa er ikkje overtydd om at vi er tente med eit felles bibliotek der elevar og studentar går om kvarandre, men vi ser at eit samarbeid t.d på det administrative området kan vere ein fordel. Vi tenkjer då spesielt på det å registrere og etablere ein felles database for bøker, artiklar, video, m.m. Det bør og drøftast nærare om evt delar av bibliotektenestene kan

⁸ Jfr natur- og realfag Samarbeidsprosjektet

samlast. Måten biblioteket blir utforma og utstyrt på, blir svært viktig. Grappa ser at biblioteket og korleis det best mogeleg kan utnyttast til beste for alle skuleslaga, er eit tema som må drøftast meir – helst saman med andre fag/grupper. Eit tidsmessig bibliotek bidreg til å understreke språkkulturen som ein berebjelke i all undervisning.

Grappa har i tillegg peika på samarbeid om eiga kompetanseutvikling knytt til prosjektbasert læring. Dette er såleis meir eit generelt krav til utforming av læringsmiljøet. Det same gjeld bruk av IKT og arbeidsmetodar i norskfaget.

6.1.7 Faggruppe inkluderande skule⁹

Prosjekt 1: Elektronisk elevmappe

Prosjektet spring ut av spes.ped.-gruppa, men har truleg interesse for alle faggrupper og alle skuleslag. Elektronisk elevmappe er naudsynt tiltak for å kunne gjennomføre mange av dei tiltaka som er knytt til ein ny pedagogikk kjenneteikna av fleksibilitet for den einskilde elev og trongen for planlegging og evaluering sett frå lærar og skuleleiing si side. Elektronisk elevmappe er å samanlikne med ein planlagt oppsamlar av elevane sine prestasjonar på definerte område. Elevmappa ser ein føre seg å vere eit verkty:

- ◆ der elev og lærar planlegg læringsløpet for eleven i fellesskap
- ◆ som er lagringsplass for eleven sine prestasjonar
- ◆ som er grunnlag for nye evalueringsformer

Prosjektgruppa ser at dette er eit stort og krevjande prosjekt med interesse utover samarbeidet i Sogndal. Det vil difor vere trong for å gjennomføre prosjektet i fleire steg. Det er naturleg å starte med eit forprosjekt der kunnskapsstatus på området vert kartlagt, og der ein knyter til seg relevante samarbeidspartnarar for ein utviklingsfase. Gjort på ein god måte kan dette vere eit prosjekt som både løyser sentrale behov som følgjer av ein ny måte å organisere skulen på, og som bidreg til å etablere eit miljø på tvers av ulike fag som kan utvikle seg til å bli ei eiga næringsverksemd.

Prosjektgruppa peiker på at ein i utviklinga av eit slikt verkty må skilje mellom mål på elevnivå, lærarnivå og skulenivå:

Mål med elevmappe på elevnivå:

- ◆ Medverknad og styring av eige arbeid med læreplanmål og læringsprosess
- ◆ Lage mappe som dokumenterer eigen arbeidsprosess
 - ◆ Dokumentasjon/samling av elevarbeid
 - ◆ Refleksjonar/tankar omkring eigen læreprosess, arbeid med mål, val av oppgåver og arbeidsmåtar.
- ◆ Utvikle dugleik i bruk av IKT
- ◆ IKT/elektronisk mappe som felles utfordring i klassen (elevar med spes. behov og andre)

Prosjektgruppa ser at det vil vere tenleg å skilje mellom ei arbeidsmappe (dagleg arbeid). I samarbeid med lærar og etter ei eigenevaluering kan ein så sjå føre seg at utvalde arbeider vert flytta til ei presentasjonsmappe. Vurderingsmappa vil så vere ein kombinasjon av

⁹ Grappa har skifta namn frå gruppe for spes.ped. til "Inkluderande skule" Samarbeidsprosjektet

presentasjonsmappa med vurderingar frå lærar og elev knytt til. Prosjektgruppa føreset at det finst ein velutvikla teknologisk infrastruktur, og tilgang til ulike hjelpemiddel til å digitalisere presentasjonar (td. at ein kan filme elevens framgang på eit område over tid). Å gjennomføre nye dokumentasjonsformer opnar opp for ein meir inkluderande skule, der dagens prøveformer kan bli utvida med nye teknikkar. Dette vil særleg komme elevar som ikkje meistrar den tradisjonelle prøveforma særleg til gode.

Arbeidet kan gjennomførast i grunnskule og vidaregåande, der studentar i praksis frå Høgskulen deltek.

Mål med elevmapper på lærarnivå:

- ◆ Samarbeid om å utvikle kompetanse som lærar/rettleiar for elevar med spesielle behov ved –
 - ◆ arbeid med og evaluering av arbeid med læreplanmål (ev. IOP)
 - ◆ bruk av elektronisk elevmappe
- ◆ Kjennskap til kvarandre sin praksis og forventningar ved overgang mellom skulesteg- og skuleslag.
- ◆ Utvikle retningslinjer for arbeid med elevmapper, innhald, form osv.
- ◆ Utvikle IKT kompetanse, bruk av kommunikasjonsplattform og elektronisk mappe

For lærarane vil introduksjonen av elektronisk elevmappe vere både ei ny planleggingsutfordring, og opne opp for nye samarbeidsformer innan og på tvers av skular. Planlegging av læringsløp for elevar med særskilde behov vil møte nye utfordringar, men samstundes vil desse kunne integrerast i skulekvardagen på nye måtar. Læraren som rettleiar for eleven si læring blir viktig, og e-mapper som grunnlag for planlegging og evaluering vil gi læraren nye spanande utfordringar.

Ressursgruppe, deltakarar: Alle skuleslaga + ppt + OT

Skulenivå:

- ◆ Felles IKT løysing
- ◆ Samarbeid om kompetanseutvikling, brukarstøtte m.m.

Deltakarar: Alle skuleslaga

Ei viktig side ved elektronisk elevmappe er at den, i tillegg til å vere eit grunnlag for både eleven og læraren si evaluering, gir foreldra utvida høve til å følge med på eleven sitt arbeid. Med ei ny organisering av skulen, der meir av arbeidet skjer i skuletida, kan nokre foreldre oppleve å "miste kontakten" med skulearbeidet. Ei elevmappe som er gjort tilgjengeleg for pårørande/foreldre vil, i tillegg til dei meir tradisjonelle møteplassane, gi desse høve til å følge med.

Prosjektet vil ikkje utan vidare har konsekvensar åleine for areal. Det vil meir vere tale om at ein ved planlegging av alt undervisnings- og formidlingsareal legg til rette for at ulike dokumentasjonsformer kan nyttast. Det vil vere trong for både individbasert og gruppebasert evaluering, bruk av digitale medier i dokumentasjon av prosess og resultat.

Prosjekt 2 "Prosjekt for utvikling av læringsbase."

Samarbeidsprosjektet

Prosjektet omhandlar ulike areal og utstyrstypar som vil styrke arbeidet innafør spesialpedagogikk. Ein skil mellom ulike brukargrupper:

Elevretta base:

- ◆ Eit aktivitetsrom/areal med ballbinge/ribbevegg/utstyr for motoriske aktivitetar som kan nyttast primært til elevar med behov for alternativ og hyppig motorisk trening. Dette er eit areal som skal disponerast for denne elevgruppa, men det kan også nyttast av andre mindre grupper som arbeider med fysisk aktivitet¹⁰.
- ◆ Mange mindre rom, gjerne i tilknytning til myldreareal, eller ”klasserom” der ein kan ha samtalar med enkelt elevar/studentar, ein kan arbeide i kortare periodar uten å verte uroa (for elevar/studentar med konsentrasjon og merksemdsvanskar).

Student-/lærarretta base:

Dette er kunnskapsbasen særleg for lærarar som arbeider med elevar med trong for særskilt tilrettelagt læringsarbeid. Her ser ein føre seg ein møteplass der lærarar og studentar kan samlast om faglege problemstillingar. Det vil vere trong for

- ◆ Bibliotek - med litteratur, dataprogram, hjelpemiddel, både til ped. og spes.ped.
- ◆ Ein person med oversikt som kan rettleie
- ◆ Ein stad å samlast både for elevar/studentar og lærarar.
- ◆ Opplæring i bruk av data for elevar/studentar med dysleksi, eigna programvare, læremiddel/ bøker , ein ide og inspirasjonsstad for alle.

NB: Bygga må ta høgde for at enkelte brukar rullestol, enkelte treng eige toalett/stellerrom.

I prosjektet vil ein nytte ideane som er komne fram i prosessen og knyte til oss etatar som A-etat, trykdeetaten (med tanke på opplæring for vaksne, attføring¹¹ m.m.).

6.1.8 Områdegruppe it/media/bibliotek

Gruppa har primært vore ei it/mediegruppe, medan bibliotekstilsette sjølve har utarbeidd eigne notat. Frå mediesida har ein utarbeidd prosjektet¹²:

Radio Fosshaugane.

Mediegruppa for samarbeidsprosjektet på Fosshaugane har i haust/vinter sett nærare på etablering av ein radiostasjon knytta til prosjektet. Bakgrunnen / behovet / visjonane for ein slik radiostasjon er gjort nærare greie for i rapporten som vart utsendt i mai 2002.

Dette er eit tverrfagleg prosjekt som på tvers av skulegrenser gir gode opningar for pedagogisk nyskaping / kreative løysingar for samarbeid / utvikling av mediestudium på SVGS / HSF / og ikkje minst attraktive fritidstilbod som kan berika skule / utdanningsstaden Sogndal. Det har også med rekruttering av studentar å gjera. Alle studiestader Sogndal

¹⁰ Dette arealet bør vurderast i samanheng med dei arealtypepane som idrett- og estetikkgruppene har peika på.

¹¹ Det er ofte knytt opplæring til rehabiliteringsaktivitet

¹² IT-tilsette har i liten grad peika på særskilde behov, men ser seg meir som aktørar på tvers av andre område i tillegg til å vere bidragsytarar til den grunnleggjande infrastrukturen.

Samarbeidsprosjektet

konkurrerer med har egne radiostasjonar.

Status er:

Oppretting av ein fullverdig utrusta radiostasjon vil kosta 160 000.- + moms¹³. I tillegg kjem etablering av radiosendar. Me må drøfta med elektrolinja på SVGS om dei kan byggja ein slik sendar. Me skaffar oss i tillegg tilbod på kjøp av sendar.

Me må også finna eigna lokale for studio / kontrollrom på Fosshaugane. Eit alternativ er klasserommet til grunnkurset på yrkesfag i idrettsfagbygget . Men det er lite og av omsyn til fleire brukargrupper burde studio vore plassert meir frittliggjande - eks. annan stad i idrettsfagbygget. (Me veit at dette bygget er sprengt).

Konklusjon så langt:

Radio Fosshaugane bør opprettast i løpet av 2003/2004 - slik at stasjonen kan vera operativ i løpet av skuleåret.

Me ber styringsgruppa drøfta vidare framdrift. Det gjeld særleg kjeldene som kan finnast for finansiell medverknad. Ein radiostasjon kan eksempelvis bli eit verkemiddel i ein tverrfagleg samarbeid/utvikling mellom dei 3 skuleslaga. Ein annan faktor er utvikling av det student/elevsosiale i Sogndal.

Det pålegg også HSF eit særskildt ansvar å vera med vidare. Me har over lengre tid registrert vesentleg interesse frå studenthald på å få opp att ein radiostasjon i Sogndal (alt utstyr etter tidl. Radio Gravenstein er borte).

Som ein ser har prosjektgruppa fokusert på radioverksemd, men med utviklinga av IKT og lettare handhalden produksjon av bilete og lyd vil det vere naturleg at dette prosjektet utvider sitt fokus noko. Det vil seie å utvikle eit komplett studio for fleire enn eitt medium. Her vil det vere naturleg å arbeide tverrfagleg i tillegg til å samarbeide med andre medieaktører i kommersielle eller ikkje-komersielle prosjekt.

Eit framtidig Fosshaugane Campus vil måtte nytte IKT i mange samanhengar, og dei mediefaglege aktørane, og det utstyret desse nyttar, vil kunne inngå i svært mange typar læringsarbeid. T.d. vil det utstyret som vert nytta innan mediefaga vere nyttig i arbeidet med presentasjon og dokumentasjon av elevarbeid (jfr. prosjekt "Elektronisk elevmappe"). I planlegging av den fysiske utforminga må ein difor ikkje berre sjå på areal- og utstyrstrong knytt til ein radiostasjon, men sjå dette som eit sentralt knutepunkt i alt arbeid på Campus.

6.1.9 Områdegruppe entreprenørskap

Dette er ei områdegruppe som fokuserer på at næringsprofilen i andre fag kan styrkast, i tillegg til at ein kan sjå på entreprenørskap som vindauge mot ei kommersiell verd. Gruppa skriv sjølv:

¹³ Dette er eit tilbod frå utstyrsleverandøren Benum som er einerådande på levering til nærradiomarknaden i Norge.

- Vårt prosjekt kan verta å finna ein fot til å stå på i tillegg til idretten. Døme på dette kan vera eit mediasenter – med medialinjer på Sogndal v.g.s. og HSF, ein kan ta utg.punkt i reiseliv – trekkja inn akvakultur, økonomi, osb. Ein må tenkja stort – vi må skapa det unike og vera eit førebilete for resten av landet
- Nøkkelen ligg i det å skapa næring, å ”finna ein fot å stå på” der vi kan bruka Idrettssenteret som mal

Dei poengterer at ein må kombinera næring og læring

- Vi må ha visjonar med entreprenørskapstanken, med dei tre skulane i sentrum
- Entreprenørskap som pedagogisk metode må ein innføra i eit litt lenger tidsperspektiv
- Høgskulen sender folk på opplæring, i neste omgang kan vi laga partnerskapsavtalar mellom skule og næringsliv, og mellom skuleslaga t.d. ved fri flyt av lærarkrefter – hospitering, skuleovertaking av studentar – praksis.
- Entr.skapsgruppa kan ikkje skapa eit eige prosjekt på kort sikt, men entr.skapstanken må vera gjennomgåande i alle faggruppene.

Arealmessig vil det vere naudsynt å både sikre at særleg fagsentra har areal for hospiterande bedrifter/etablerarar, samt at ein set av areal til å utvikle aktørar frå dei ulike faga i entreprenørskap. Slikt areal er knytt til:

- Behov for samarbeid på tvers av skuleslag. Ungdomsbedrift på ungdomsskulen samarbeider med f. eks. yrkesfag. Dette medfører behov for areal til prosjekt/maskiner/utstyr. Nok areal på ulike linjer.
- Store rom for eksempel til byggfag.
- Rom til utstillingar (inngang/allrom)¹⁴.
- Midlertidige rom for nyetablerte bedrifter i samarbeid med skulane
- Møtestad for kunnskapsutveksling mellom dei ulike aktørane. Viktig å dra nytte av den enorme kompetansen i læringsmiljøet¹⁵.

Det vil vere naturleg at særleg HSF drøfter om fag retta mot samfunn og næring vert knytta opp mot eit slikt miljø. Det vil seie sosiologi, statsvitskap/organisasjonsfag, økonomi og administrasjonsfag. Samla kunne dette utgjere eit fagsenter på sikt¹⁶.

6.1.10 Anna

Dei ulike skuleslaga har spesialrom knytt til sine læreplanar. Td. er det trong for skulekjøken både for ungdomsskulen og Høgskulen si lærarutdanning. Det kan vere tenleg å sjå føre seg at minst ein av desse aktørane har sitt skulekjøken knytt opp mot kantinedrift. Gruppene har noko ulikt syn på om kor langt ein skal gå med omsyn til fellesareal. Det vert peika på at ein i arbeidet for felleløysingar ikkje må fjerne alle skilje mellom skulane, slik at det ikkje vert "stas" å passere tersklar i den einskilde eleven si utvikling.

¹⁴ Jfr Faggruppe Estetikk, og Faggruppe Realfag

¹⁵ Jfr tanken om at nyetablerarar/eksisterande bedrifter kan hospitere i randsona i areal knytt til tverrfaglege læringsmiljø

¹⁶ Det er ikkje etablert ei eiga faggruppe for samfunnsfaga. Men innafor dette miljøet finst sterke fagfolk som har makta å få til studium på masternivå, og som kan drive forskning og eksternt retta verksemd særleg mot offentleg sektor.

For visse fag er det uttrykt ønske om felles biletarkiv, videoarkiv, filmarkiv, feltutstyr, objektsamling. Om ein går inn for fagsenter for fleire fag, vil det vere naturleg å vurdere slike knytt til sentra kontra det å knyte dei til eit bibliotek med utvida funksjonar.

Det vert også peika på at ein i val av materiale må vere i pakt med tanken om berekraftig utvikling. Nybygget må vere PVC-fritt, i det heile må det leggjast stor vekt på at det må framstå som eit miljøbygg. Dette kan understrekast ved innslag i bygget. Bygget kan t.d. innehalde eit veggakvarium i inngangspartiet. Eit slikt akvarium er både visuelt attraktivt og lærerikt.

Når det gjeld bibliotek er synet mellom fagtilsette noko ulikt. Bibliotekstilsette har uttrykt ein viss skepsis til full samanslåing av biblioteksfunksjonen. I dei øvrige faga er det nokre som ønskjer felles bibliotekfunksjon, men avstanden for den einskilde brukar må ikkje bli for lang.

Det vil også vere naturleg at eit "vrimleareal" inneheld bokutsal, elevbedrifter, typiske samskipnadstenester (helse, informasjon, etc.).

7 Drøftingar og konklusjonar

Dei overordna måla for samarbeidsprosjektet er å auke kvaliteten i utdanninga gjennom å:

- ◆ Skape utdanningsløp som har samanhengande overgangar mellom skuleslaga, og utdanningar som fremjar individuelt tilpassa opplæring. (jfr Opplæringslova)
- ◆ Byggje opp kompetanse- og aktivitetstilgjengleg miljø som integrerer utdanning og næringsutvikling/forskning med høg kvalitet.
- ◆ Bidra til å skape ein utviklingsdyktig region.

7.1 Framlegg m.o.t. organisering

Organiseringa innafor handlingsrommet kan gi følgjande løysingar:

7.1.1 Mindre justeringar av dagens organisering

Verksemd som i hovudsak vert organisert etter same prinsipp som i dag og med same type krav til lokalitetar. Det gjeld m.a. delar av verksemda ved avdeling for naturfag og avdeling for samfunnsfag ved høgskulen. **Justeringane av det bygningsmessige i forhold til tradisjonelle løysingar kan liggje i at elevar og studentar skal ha lettare tilgang til lærarar og omvendt.**

7.1.2 Fleirfagleg teamorganisering

Det er viktig at dei delane av dei tre skulane som skal samarbeide tettast legg same pedagogiske basistenking til grunn. Ein vil då forstå kvarandre sine rammevilkår og det ligg til rette for nyttig erfaringsutveksling. Elevar og studentar vil kjenne att arbeidsmåtar og organisering når dei tek steg oppover i utdanninga si. Reint praktisk vil korresponderande pedagogisk tilnærming òg gjere det enklare for både elevar/studentar og lærarar å krysse grensene til dei andre skulane. I det heile vil det praktiske samarbeidet fungere lettare.

Døme på utdanningar som kan teamorganiserast kan vere almennlærerutdanning og førskulelærerutdanning på høgskulen, studieretning for allmennfag og yrkesfag på vidaregåande, og ungdomsskulen.

Ei mogleg organisering på høgskulen kan vere at eit team av lærarar har ansvar for faga på 1. og 2. år i allmennlærerutdanninga og at eit anna team har ansvar for 1. og 2. år på førskulelærerutdanninga. **Eit lærarteam må ha arbeidsplassane organisert i eit fellesskap og studentane/elevane må ha sine fleksible undervisningsareal og andre rom for læringsarbeid i same område slik at det til saman dannar eit naturleg arbeidsfellesskap.**

Studieretning for allmenne fag kan vere organisert etter same prinsipp, men her kan ein eventuelt organisere tre fleirfaglege team – eit for kvart av dei tre årskulla. Det same kan gjelde ungdomsskulen. På dei andre studieretningane i vidaregåande skule kan ein organisere eit fleirfagleg team i kvar studieretning, på tvers av årskulla.

7.1.3 Fagsenter

Det er per i dag mest aktuelt med tre "reindyrka" fagsentra på tvers av skuleslaga¹⁷:

- ◆ Idrettssenter
- ◆ Senter for medie- og kommunikasjonsfag
- ◆ Senter for kunstfag¹⁸

I slike fagsentra vil aktivitetane gjelde både opplæring, forskning og ulike typar næringsverksemd. På fagsentra vil tilsette frå minst to eller alle tre skulane ha sin arbeidsplass i tillegg til dei som arbeider med næring. Det vil og vere ein del elevar og studentar som har fagsenteret som sin hovudbase. Døme kan vere idretts- og kunstfagstudentar på høgskulen, men også elevar i vidaregåande der studieretninga korresponderer med fagprofilen i det aktuelle senteret.

Spesielt dei tilsette ved vidaregåande og ungdomsskulen må ha kort veg mellom sine moderinstitusjonar og sentrane slik at dei kan delta i teamarbeid med kollegaer. Dessutan vil ein del av undervisninga i "senterfaga" for elevar og studentar som har hovudtilhald i teama, skje i sentra. Det er viktig at elevar og studentar har kort veg til dei ulike sentra for å få undervisning i spesialrom og for å få andre læringsarenaer, m.a. knytt til næringsverksemda.

Sentra må difor plasserast sentralt i området og dimensjonerast med eit høveleg areal for kontor og arbeidsplassar, spesialrom og meir generelle rom for læringsaktivitet. Det er dessutan viktig at sentra er utforma og dimensjonerte slik at dei kan huse, eventuelt utvidast med tanke på næringsaktivitetar og eksterne aktørar. Fleksibilitet er difor eit viktig stikkord både her og elles i anlegget.

Senter for idrettsfag har peika på trong for ein ny innandørsarena med kvalitetar som kanskje også kan nyttast til "Inkluderande skule"-behov, og til deler av aktiviteten i dei estetiske faga (framsyningslokale/teatersal).

Senter for medie- og kommunikasjonsfag bør, dersom partane vert samde, lokalisert saman med medieavdelinga som Sogndal fotball må byggje ut for å leggje forholda til rette for fjernsyn og andre medieaktivitetar. Ein bør då kunne samarbeide om både lokalitetar og utstyr. Det vil gje studentar og elevar ein interessant læringsarena å kunne kome tett inn på fotballreportasje, nærradio, internfjernsyn, reklame og liknande.

Medie- og kommunikasjonscenteret vil kunne bli hovudsenter for all intern og ekstern kommunikasjon ved skulane, og eit hovudsenter for dokumentasjon av læring. Utvikling og bruk av elektroniske elevmapper vil tene stort på at det vert etablert eit slikt senter i kjerna av Campus.

På same måte kan det byggjast ut næringsaktivitet rundt dei yrkesfaglege studieretningane elektrofag, byggfag m.m ved Sogndal vidaregåande ved at det blir lagt **bygningmessig til rette for dette.**

¹⁷ Utviklinga i åra som kjem vil avgjere kva som blir fagsenter eller kompetansesenter. Her peiker vi på nokre fagområde som er aktuelle, men som også tener som illustrasjonar.

¹⁸ Kunstfaga kan også tenkjast organisert som kompetansesenter, der mykje av det praktisk-estetiske arbeidet framleis vert utført som ein integrert del av den einskilde skulen.

7.1.4 Kompetansesenter

Ei anna form for senter er å legge til rette slik at fagtilsette som har undervisningsfri/fri frå arbeid i teama og utfører FoU-arbeid eller næringsaktivitet, kan sitje i lag med fagkollegaer på tvers av skuleslaga i den aktuelle perioden. Desse fagfolka vil såleis kunne ha arbeidsplass både i eit team og i eit kompetansesenter. Døme på slike senter kan vere kompetansesenter for:

- ◆ Framandspråk
- ◆ Realfag
- ◆ Inkluderande skule

Rundt slike miljø kan det utviklast næringsaktivitet. For nokre fag kan eit slik senter innehalde spesialrom og spesielt utstyr ved sidan av arbeidsplassar. Studentar og elevar kan ha fast tilhald i slike senter i periodar eller fast (t.d engelsk grunnfag).

Kompetansesentra bør geografisk lokalisert nærast mogeleg der dei fagtilsette har teamtilknytninga, og nærast mogleg andre senter med fagleg slektskap. (T.d kompetansesenter for framandspråk nærast mogleg fagsenter for medie- og kommunikasjon).

7.1.5 Fagforum

Skulane har tilsette med same faglege bakgrunn innfor fleire fagområde som ikkje er nemnde spesielt i det ovanstående. Døme kan vere norsk og samfunnsfag. På fleire av desse områda er det faggrupper som har diskutert samarbeid på tvers av institusjonane. Det kan gjerast ved å danne møteplassar eller fagforum. T.d. har matematikkgruppa konkrete tankar om samarbeid som kan utviklast vidare gjennom eit slikt fagforum.

Fagforuma bør stimulere og realisere idear om samarbeid på tvers. Dette kan ta ulike former. Elevar/studentar og lærarar som krysser grenser er ei form. Ei anna form er jamnlege føredrag/diskusjons-arrangement. For å halde liv i samarbeid av denne typen, er det naudsynt med fagforum. Slike former for samarbeid vil vere avhengig av interesse blant dei fagtilsette, men kan sjølvsagt stimulerast av leiinga. **Fagforuma treng ikkje ha bygningsmessige konsekvensar.** Fagforuma kan også ta initiativ til næringsretta aktivitet.

Fleirfaglege team, fagsenter og kompetansesenter kan byggast med nokre like element. Det viktige er at det finst areal som inviterer til kunnskapsdeling og at slike areal er fleksible. I tillegg vil det vere trong for spesialløysingar, samt å kunne trekke seg attende til "stille rom". I prinsippet bør alle bygg innehalde høve til å ta i mot eksterne aktørar for å bygge opp ein sterkare regional relasjon.

7.2 Allmenningen

Fosshaugane Campus er ikkje berre team og senter. Det er ein møtestad for heile regionen, for aktørar med ulike behov knytt til kunnskapsutvikling. Det vil difor vere inneareal meir prega av å vere ein allmenning i delar av Campus. Sentrale funksjonar innomhus vil vere

7.2.1 Allmenningen inne

- ◆ Bibliotek

Det må sikrast areal til eit tidsrett bibliotek i kjernen av Fosshaugane Campus. Dette skal stette behov for litteratur knytt til faga (svært fagspesifikk litteratur kan framleis vere å finne Samarbeidsprosjektet

på dei ulike sentra). Biblioteket vil ha ein utvida funksjon som informasjonssenter og arena for elevaktiv informasjonsinnhenting. Det er såleis naturleg å sjå dette i nær samanheng med eit mediesenter.

◆ Kantine

Det må planleggast ei kantine som kan vere matsal for studentar, og samstundes vere "restaurant" for ålmenta i visse samanhengar. Ei slik kantine bør også vere skulekjøkken for minst ein av skulane.

◆ Velferdstiltak

Elevar og studentar har trong for areal tenester knytt til velferd. Dette kan vere areal som vert nytta av Studentsamskipnaden, eller av ulike tenestetilbydarar. I kva grad ein skal opne opp for kommersielle aktørar vil bli ei drøftingssak i den vidare planlegginga. Eit visst innslag av slike må ein kunne tillate, viss tenesta er relevant (td. bokhandel, helsetenester).

◆ Vrimleareal

Elevar og studentar er sosiale. Dei har trong for møteplassar utanom det reint fagleg orienterte (sjølv om slikt areal kan nyttast til spontane faglege grupper). Utforming av slikt areal kan også sjåast i samanheng med trongen for areal til å presentere kunst eller andre fagrelevante objekt (td. frå naturfaga).

7.2.2 Allmenningen ute

Utomhus vil også Fosshaugane Campus vere ein læringsarena og ein allmenning. Det er frå faggruppene peika på at:

◆ Naturfag kan opplevast ute på Fosshaugane Campus

Her ser ein føre seg at uteområdet vert utstyrt med element som demonstrerer naturfaga si breidde.

◆ Idrett krev uteplass

Nedbygginga av meir friareal i området krev at ein planlegg med tanke på å utvikle spanande element for fysisk aktivitet på og kring Fosshaugane Campus.


◆ Estetiske fag kan presentere seg ute

Fosshaugane Campus vil vere ein stad for arbeid, læring og oppleving for fleire tusen personar dagleg. Utforminga av uteområdet kan såleis bli avgjerande for i kva grad ein understrekar kreativitet, kunnskapssøking og trivsel.

7.3 Samhandling for kvalitet i opplæringa¹⁹

Utvikling av Fosshaugane Campus har som sitt overordna mål å betre kvaliteten på læringsarbeidet, styrke fagpersonalet sin kompetanse, og å bidra til ein region i positiv utvikling. Bidraga frå faggruppene, samt vurderingane frå styringsgruppa av dette, syner eit utgangspunkt for ei løysing som møter dei kvalitetsomgrepa som no vert lagt til grunn frå sentralt hald. I figuren under vert desse samanhengane synleggjort:

Samhandling for kvalitet



Sentrale styresmakter peikar på at ein vil rette fokus mot RESULTATKVALITET. Resultat er ein funksjon av kjenneteikn ved AKTØRAR som møter STRUKTURAR og PROSESSAR. Vi kan difor "gå gjennom" figuren slik:

Ein aktør (ei gruppe av aktørar) møter Fosshaugane Campus med si livserfaring. Fosshaugane Campus har fysiske og organisatoriske strukturar som tek i mot denne aktøren på ein måte som er i samsvar med nye læreplanar (differensiering, individuelle læreplanar, samspel med lokalsamfunnet, etc.). Her finst areal som tillet teamarbeid eller fagleg fordjuping (senter), og tilsette har rett kompetanse. Innafor desse strukturane skjer prosessane, møta mellom lærarar, elevar og problemstillingar. Ut av prosessane kjem aktørane med fagleg kunnskap og haldningar til å møte omverda.

¹⁹ Om Kvalitetsportalen: <http://odin.dep.no/ufd/norsk/publ/rapporter/045051-220005/index-dok000-b-n-a.html>

Sentralt i modellen står EVALUERING. Evaluering vil skje på ulike nivå. Både einskildaktørar, fag og team vil bli evaluerte. Den fleksibilitet som vert lagt opp til vil bli svært mykje lettare med elektroniske elevmapper (ein kan også ha mapper for andre aktørar sine prestasjonar/resultat). Gode og dårlege resultat må da forklarast, og dette gjer ein ved å vurdere aktørar, strukturar og prosessar knytt til prestasjonen.

Vi kan difor summere opp at eit Fosshaugane Campus realisert etter slike prinsipp vil møte kvalitetskrava. Meir speisfikt:

7.3.1 Strukturkvalitet

Dette vert ofte omtalt som vilkår for arbeidet og handlar om lovverk, læreplanar, økonomi. Kompetanse hjå leiarar og lærarar, bygningar, utstyr med meir. Utviklinga går i retning av å sjå grunnskule og vidaregåande opplæring meir i samanheng, som eit samanhengande løp. Samarbeidet på Fosshaugane Campus er eit framtidsretta svar på dette.

Eit anna utviklingstrekk er større lokal fridom. I skulesamarbeidet ligg det godt til rette for å få til fleksible overgangar for elevar og lærarar. Det ligg dessutan uvanleg godt til rette for å auke strukturkvaliteten når det gjeld bygningar og utstyr.

7.3.2 Prosesskvalitet

Prosesskvaliteten tek opp faktorar som kan knytast til læringsmiljøet og som er definerte i lov, forskrift og læreplan. Av stikkord som er nemnde er m.a. relasjonar (mellom lærarar, elevar/studentar, foreldre), involvering av elevar/studentar i planlegging av læringsarbeidet, arbeidsmåtar, organisering, leiing, ivaretaking av individuelle behov, kvalitetssikring av opplæringa. Det er grunn til å tru at det vert utvikla prosesskvalitetsindikatorar der ein vil freiste å måle ein del av desse forholda. Ikkje minst vil tilbakemeldingar frå ulike interessentar gi slike data.

Fosshaugane Campus si fysiske utforming og pedagogiske innretning vil stimulere til prosessar som set elev/student/lærar i stand til å meistre nye arbeidsformer og ny teknologi i eit kritisk og skapande perspektiv. Det er grunn til å legge mykje arbeid i å trene på nye arbeidsformer frå første dag.

7.3.3 Resultatkvalitet

Resultatkvalitet vert ofte kalla elevar/studentar sitt læringsutbytte. Kvalitetsutvalet plasserer dette som eit overordna kvalitetsomgrep. Strukturkvalitet og prosesskvalitet er underordna i forhold til dette omgrepet. Både i Noreg og andre land vert det no fokusert på grunnleggjande ferdigheiter og forståing i lesing/skriving, matematikk/naturfag og engelsk. Norske elevar presterer gjennomsnittleg i internasjonale undersøkingar, jf den store PISA-undersøkinga som vart offentleggjort i 2001. Enno meir ottefullt er det at ein relativt stor del av dei norske elevane har svake prestasjonar. Det er om lag 20% av 15-åringane som har så dårleg leseforståing at det kan bli eit problem for vidare utdanning.

Fosshaugane Campus understrekar fagleg kvalitet gjennom å markere faga i senter, i tillegg til å arbeide med faga på nye måtar i tverrfaglege team på det grunnleggjande nivået.

Ein annan viktig del av resultatkvaliteten er det som er knytt til haldningar, verdiar og personlege eigenskapar. Dette er vanskelegare å måle, men likevel eit område der ein må rekne med at sentrale styresmakter vil ta ein aktiv rolle, m.a. ved utvikling av indikatorar som kan nyttast i nettstaden Kvalitetsportalen som er under utvikling.

Resultatkvalitetsomgrepet må takast på alvor frå første dag i planlegginga av Fosshaugane Campus. Dette vil vere sentralt for å få nasjonal støtte til ulike element i den samla utbygginga. I praksis handlar dette om ei medviten organisering av ulike former for dokumentasjon av prosessar og utfall. Med eit meir aktivt sentralt nivå, m.a. når det gjeld utvikling av kvalitetsindikatorar, og med grunnskule, vidaregåande opplæring og høgskule i eit vidareutviklande samarbeid, ligg det godt til rette for å ha ein bevisst strategi i høve måling av resultatkvalitet/læringsutbytte langs fleire dimensjonar. Det ligg også usedvanleg godt til rette for å nytte handlingsrommet til dei endringar i struktur- og prosesskvalitet som ein i fellesskap, gjennom analysar og drøftingar, meiner vil auke læringsutbyttet. Det er såleis mogleg å ha fokus på t.d. leseforståing og la det vere ein av fleire gjennomgåande raude trådar både i teamorganisert undervisning og i den undervisninga som vert organisert i fagsenter og elles i skulesamarbeidet.

7.4 Samhandling for kvalitet i FoU og næringsverksemd

Ei særleg spanande utvikling er knytt til opninga mot lokalt og regionalt næringsliv. Fosshaugane Campus kan bli ein møtestad der bedrifter spontant, eller planlagt, finn sin plass. Det kan vere knytt til einskildproblemstillingar, samarbeidsprosjekt eller ved å "flytte inn" på området. Dette kan vere bedrifter som driv forskingsprega utviklingsarbeid, eller bedrifter som yter tenester med høgt kunnskapsinnhald. Det vil vere naturleg å sjå på eit samarbeid med Kunnskapsparken Sogn og Fjordane i slike samanhengar.

Omgrepa strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet er høgst relevante også i samband med FoU og næringsverksemd. Det er fullt mogleg å gjere resultatmålingar i forhold til FoU og næringsverksemd og på grunnlag av dette gjere endringar av strukturelle rammevilkår og dei prosessane som aktørane er involverte i. Døme kan vere å leggje til rette støttetiltak for personar som arbeider med doktorgrad og trekke aktørane på nærings sida sterkt inn i faglege nettverk, også ut over det dei finn i eige fagsenter.

Her er det mest aktuelt å vente til aktørane er på plass. Ein aktiv politikk på desse områda vil og i stor grad vere avhengig av at aktørane er motiverte for deltaking i slikt arbeid.

8 Sluttord

Dette vil utfordre alle skuleslaga, og samarbeidet mellom dei til å utvikle seg sjølv som lærande. Det vil seie at dei samarbeidsformer, læringsaktivitetar, areal og utstyrstypar ein til ei kvar tid nyttar må evaluerast og justerast gjennom kritisk refleksjon. Fosshaugane Campus må sjølv lære og utvikle seg basert på eigne erfaringar, samt eigne og omverda sine forventningar.

Fosshaugane Campus blir ein møtestad for ulike kunnskapar, haldningar og kulturar. Dette er den beste føresetnaden for å utvikle toleranse for variasjon, kreativ orientering og nyskapingstilje.